

– Men kva gjer eigentleg MK i musicalprosjektet?



3MK hadde ansvar for fotografering til programheftet som blir delt ut til publikum under framsyningane. Her sit MK-elev Dorthea Sævik Bjørneset og ser på bileta dei har tatt, medan MK-lærar Åge André Breivik følgjer med. FOTO: Odin Tvergrov Nilsen

Tekst: Anna Julie Eikrem Røys | **Foto:** Odin Tvergrov Nilsen og Sara Øen Leirvik

Kwart år stiller Musikk, dans og drama (MU) på Volda vgs sterkt med både skodespelarar, songarar, band og kor på scena under musicalen. Men det mange ikkje veit, er at Medium og kommunikasjon (MK) også er tungt involvert. Dei har mange viktige arbeidsoppgåver bak kulissene.

MK-elevane har mange oppgåver å styre med i musicalprosjektet, som er fordelt på dei tre klassetrinna. Dei får god hjelp frå lærarane, som har lang


erfaring og veit kva som skal til for å kome i mål. Det er likevel mykje å halde styr på fram mot sjølve musicalveka på kulturhuset i Ørsta.

– Musicalveka blir veldig stressande, men gøy, seier Erle Ottesen Husøy, elev i 2MK.

I år er det 2MK som skal lage saker til nettsida musicalen.no. I tillegg har dei ansvar for fleirkameraproduksjonen, der dei skal filme alle framsyningane med fire kamera, og setje dette saman til ein ferdig film. Fleire av elevane i 2MK skal også lage bakomfilm og ta bilete både bak og på scena. Men trass i stress og lange dagar, trur elevane at resultatet blir bra til slutt.

– Det er veldig gøy å gjere noko som ikkje er vanleg skule, sjølv om det er stressande, seier Nora Pauline Hovden Remøy, elev i 3MK. Ho er med på å lage Musical-TV, saman med eit par medelevar i 3MK. Resten av klassa jobbar med bakomfilm, konsertfoto og utarbeider grafiske produkt som logo, plakat og programhefte med meir. I tillegg har dei ansvar for å avvikle dei digitale kulissene live under framsyningane. Kulissene er laga av elevar i programfaget Grafisk design.

– Det er mykje arbeid, men eg trur at resultatet blir ganske bra, legg Nora til.



Elevane i 2MK filma og redigerte "Spaghettiwestern", som ein kan sjå på skjermen i ei av scenene under Musikalen. FOTO: Sara Øen Leirvik

Forventningar til musikalen

- Eg håper at det blir gøy og veldig kult, seier Mathea Sande Arnevik, elev i 2MK. Elevane i 2MK var også med på musicalprosjektet i fjor, og har forventningar om at årets musicaloppleveling blir minneverdig.
- Eg håper det blir full sal, at musikalen faktisk blir utsett, seier Emelius Kerubino Aaberg, elev i 1MK.

Førsteklassingane er med på prosjektet for første gong, og dei har store forventningar til korleis det vil bli. 1MK jobbar med Musikalmagasinet, som dokumenterer heile musicalprosessen og blir delt ut til alle elevane på musikklinja og medielinja etter at prosjektet er ferdig. Her må dei intervju, observere, skrive og ta bilete både før, under og etter musicalperioden, og til slutt setje det heile saman og klargjere det til trykk. Dette blir eit fint minne for alle involverte elevar, som dei får med seg frå tida på vgs.



Frå fotoshooten til musicalheftet. Her står MU-elev Simen Elias Vetrhus og blir fotografert, med Åge som linselus (igjen). FOTO: Odin Tvergrov Nilsen